
Saksnr.	Journalnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
17/2031 - 24	2017041996	151 / /	Elisabeth Vinje Nydal -		14.12.2017

Innstilling frå Os formannskap - Budsjett 2018 / økonomiplan 2018 - 2021

Behandling:

Votering:

Sp/KrF sitt budsjettframlegg fekk 1 røyst (1Sp) mot 8 røyster (2H, 3FrP, 2Ap, 1V) og fall.

Ap sitt budsjettframlegg fekk 2 røyster (2Ap) mot 7 røyster (2H, 3FrP, 1V, 1Sp) og fall.

H/FrP/V sitt budsjettframlegg fekk 6 røyster (2H, 3FrP, 1V) mot 3 røyster (1Sp, 2 Ap) og vart vedteke.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

OS FORMANNSKAP 05.12.2017, Sak 107/2017 -Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018/økonomiplan 2018 – 2021 slik det går fram av vedlagte budsjettefte.
2. Kommunestyret vedtek slike netto budsjett/driftsrammer for tenesteområda:

Ansvar	Funksjon / teneste	Opprinnelig budsjett 2017	Budsjettramme 2018	Budsjettramme 2019	Budsjettramme 2020	Budsjettramme 2021
198	SKATT, RAMMETILSKOT M.V.	(794 150 000)	(839 136 000)	(1 007 453 000)	(1 091 611 000)	(1 091 611 000)
199	FINANS	64 239 000	65 931 000	65 973 000	68 994 000	76 346 000
	Finans / frie inntekter	(729 911 000)	(773 205 000)	(941 480 000)	(1 022 617 000)	(1 015 265 000)
100	FOLKEVALDE ORGAN	8 512 000	8 105 000	8 941 000	8 105 000	8 941 000
101	KOMMUNEREFORM	-	-	-	-	-
105	FELLESUTGIFTER	58 305 000	37 994 000	37 994 000	37 994 000	37 994 000
106	KONKURANSEUTSATTE VERKSEMDER	44 497 000	45 223 000	45 223 000	45 223 000	45 223 000
	Fellesutgifter	111 314 000	91 322 000	92 158 000	91 322 000	92 158 000
	Stab	43 881 000	47 749 000	48 129 000	49 307 000	49 307 000
Sum	Oppvekst og kulturområde	499 271 000	526 699 000	528 624 000	528 124 000	528 124 000
Sum	Helse, Omsorg og Beredskap	30 111 000	43 051 000	224 418 000	328 396 000	328 396 000
Sum	Samfunnsutvikling	9 568 000	9 800 000	9 800 000	9 800 000	9 800 000
Sum	Prosjektavdelinga	304 000	359 000	359 000	359 000	359 000
Sum	Teknisk Drift	35 462 000	31 353 000	30 453 000	30 453 000	30 453 000
Sum		-	(22 872 000)	(7 539 000)	15 144 000	23 332 000
	Bruk av fond				-16 000 000	-24 000 000
TOT			(22 872 000)	(7 539 000)	(856 000)	(668 000)

3. Kommunestyret vedtek slike investeringar, med finansiering:

INVESTERINGSBUDSJETT		2018 - 2025								
A: ORDINÆRE PROSJEKT										
Prosjekt - kostnader	Prosjektnr.	Prosjektramme	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
IKT Infrastruktur	0103	Årsprosjekt	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Kjøp av tomter og bygg	0136	Årsprosjekt	12 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Rullande materiell	0149	Årsprosjekt	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Prosjektering utbyggingsområder	0169	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Gravplass Nore Neset	0250		40 000 000		15 000 000	15 000 000				
Lyseparken næringsområde	0402		60 000 000	5 000 000	5 000 000	-				
Utvida gravplass Kuventræ	1075		23 500 000	300 000						
Egenkapitalinnskott KLP	1100	Årsprosjekt	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Os U Aktiv (Os ungdomsskule)	2235		83 000 000	40 000 000	40 000 000					
Ny skule (øst om elva)	2270		170 000 000	30 000 000	65 000 000	72 000 000				
Fridrettsanlegg på Kuventræ	2500		28 400 000							
Flerbrukshall Kuventræ	2508		70 000 000	34 800 000						
Familiens hus	2600		40 000 000			20 000 000	20 000 000			
Ny Ungdomsskule m/Idrettsshall	NY	180 000 000					60 000 000	60 000 000	60 000 000	
Ny kommunal Barnehage	NY	40 000 000			40 000 000					
Lunde barneskule - opprusting gammel del	2596		20 000 000	10 000 000	10 000 000					
Forskottering fylkesveg Åsen	7240		35 000 000	-	-	17 000 000	18 000 000			
Luranetnet omsorgsenter	3800		280 000 000	16 800 000						
Ombygging gamle sjukeheimen	3740		110 000 000	7 000 000	8 000 000	50 000 000	50 000 000			
Liv på Øyro	4020		50 000 000	5 000 000	-					
Ombygging kommunale bygg	6010	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Uteområder kommunale bygg	6040	Årsprosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Oppgradering komm.vegar/bru/kai mv.	7230	Årsprosjekt	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Parkeringsbygg Osøyro	7220		63 000 000	25 000 000	35 000 000					
Vegkryss Hatvikvegen - Steinsneset	7130		7 200 000		7 200 000					
Bubilparkering Haugsneset, ferdig 2017	7190		2 000 000							
Bølgebrytar Os ytre hamn	7200		37 000 000	22 000 000						
Oppgradering Os kyrkje 150 års jubileum			3 000 000	1 000 000	2 000 000					
Politistasjon Moberg	NY		-	-	-					
Lysekloster skule	NY	6 000 000	6 000 000							
Delsum Ordinære prosjekt			223 400 000	193 500 000	197 700 000	169 500 000	106 500 000	86 500 000	86 500 000	26 500 000
B: AVGIFTSFINANSIERT PROSJEKT										
Prosjekt - kostnader	Prosjektnr.	Prosjektramme	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Vassprosjekt	0162	Årsprosjekt	40 000 000	50 000 000	50 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
VA E-39	8420		60 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000			
VA Åsen - Hellekaret	8430		16 000 000	300 000	400 000	7 000 000	8 000 000			
OHARA (Sentralrenseanlegg kloakk)	0180		430 000 000	130 000 000	71 000 000					
Avlaupsprosjekt	9100	Årsprosjekt	30 000 000	50 000 000	50 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
Delsum Avgiftsfinansiert prosjekt			212 300 000	183 400 000	119 000 000	140 000 000	120 000 000	120 000 000	120 000 000	120 000 000
Sum alle prosjekt			435 700 000	376 900 000	316 700 000	309 500 000	226 500 000	206 500 000	206 500 000	146 500 000

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 50 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval:

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.oskommune.no

INFO

Bankgiro: 6525.05.05676
Org.nr.: 844 458 312

FINANSIERING:								
Finansieringskjelde	År 2018	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022	År 2023	År 2024	År 2025
Mømskompensasjon	29 700 000	29 100 000	36 900 000	31 300 000	18 700 000	14 700 000	14 700 000	2 700 000
Fond		25 000 000						
Overføring frå driftsbudsjettet	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Tilskot frå Husbanken	136 000 000							
Tilskot frå private								
Sal av eigedom	25 200 000	20 000 000	20 000 000					
Delsum inntekter	193 900 000	77 100 000	59 900 000	34 300 000	21 700 000	17 700 000	17 700 000	5 700 000
Urytta lån								
Lån avgiftsfinansierte prosjekt	212 300 000	183 400 000	119 000 000	140 000 000	120 000 000	120 000 000	120 000 000	120 000 000
Lån ordinære prosjekt	29 500 000	116 400 000	137 800 000	135 200 000	84 800 000	68 800 000	68 800 000	20 800 000
Delsum lån	241 800 000	299 800 000	256 800 000	275 200 000	204 800 000	188 800 000	188 800 000	140 800 000
Sum finansiering	435 700 000	376 900 000	316 700 000	309 500 000	226 500 000	206 500 000	206 500 000	146 500 000

4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp lån til investeringar i 2018 på kr 241.800.000. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår, samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtatte låneramma.
5. Kommunestyret godkjenner at låna i låneporteføljen kan refinansierast i 2018. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om refinansiering av tidlegare opptatte lån, herunder fullmakt til å underteikne lånedokument.
6. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp startlån til vidareutlån i Husbanken på 25 mill. kr i 2018. Nedbetaling av låna skal skje i samsvar med regelverket frå Husbanken. Kommunestyret godkjenner vidare at det blir søkt om bustadtilskot i Husbanken i samsvar med gjeldande regelverk. Rådmannen får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån og til å avtale lånetidspunkt og lånevilkår, samt fullmakt til å underteikne lånedokument innafor den vedtekte låneramma.
7. Kommunestyret godkjenner priser, avgifter og gebyr for 2018, jfr gebyr og prisliste i vedlegg 6a i rådmannen sitt budsjettframlegg.
8. Os kommune vedtek at BIR Privat AS blir delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Os kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av avfall frå husholdning. Avfallsgebyret tilhøyrar Os kommune.

Prisen på renovasjonstenesta for 2018 blir sett ned med 1%, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og enkelte tenester utanfor standard renovasjon. Desse blir halde uendra. Kommunalt påslag blir sett til kr. 0,-

Os kommune vedtar avfallsgebyr i samsvar med vedlagte prismatrise, jfr vedlegg 6b i rådmannen sitt budsjettframlegg.

9. Kommunestyret vedtek å bruke høgaste sats for kommunalt skatteøyre.
10. Gjennom 2018 skal rådmannen legge fram tertialrapportar for kommunestyret som gir oversikt over kommunen si drift og økonomiske stilling.
11. Budsjetttramma for Kontroll og revisjon for 2018 blir sett til kr 1.284.000.
12. Overføring til kyrkja/Os sokneråd for 2018 blir sett til kr 8.598.000.
13. Kommunestyret godkjenner budsjettframlegget frå Osbadet KF slik det går fram av vedlegg 1 i rådmannen sitt budsjettframlegg, men likevel slik at rådmannen får fullmakt til å framforhandle ny avtale med Osbadet KF om

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

drift av idrettshallane og idrettsparken innafor ei økonomisk ramme på kr 2.801.000 for 2018 (halvt års verknad ny idrettshall). Kommunalt tilskot til skulebading for 2018 blir sett til kr 2.116.000.

14. Kommunestyret godkjenner budsjettframlegget frå Oseana KF slik det går fram av vedlegg 2 i rådmannen sitt budsjettframlegg, og slik at kommunalt tilskot for 2018 blir kr 6.211.000.

Budsjett 2018 Økonomiplan 2018-2021

Stabil styring

· Meistringsteam barneskule	+700.000
· Kreativ læring ungdomstrinnet	+100.000
· Klassetur 10.trinn	+600.000
· Læringstilskot Oselvarverkstaden	+ 40.000
· Gratis leige hall og lokaler - born og unge	+400.000
· Prosjekt Raudlio/Stokkedalen	+500.000
· Lynghheim – rosemålarverkstaden	+250.000
· Web-kamera Os Hamn	+300.000
· Os Næringsråd	+200.000
· Utstyr Open omsorg	+300.000
· Uteområde Lurane og Kuhnle	+400.000
· Livsglede-sertifisering	+100.000



Fremskrittspartiet
-for folk flest



HØYRE



venstre

1. Innleiing

FrP/H/V legg med dette fram felles Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-21. Framlegget er basert på rådmannen sitt budsjettframlegg av 31. oktober 2017 og faktagrunnlag som elles er presentert gjennom budsjettprosessen.

Der koalisjonen FrP/H/V ikkje har ytra noko anna eller spesifikt fremja endringsforslag, sluttar ein seg til rådmannens føringar i budsjettframlegget

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 50 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval:

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.oskommune.no

INFO

Bankgiro: 6525.05.05676
Org.nr.: 844 458 312

av 31.10.17.

Ved eventuelle endringar i Statsbudsjettet for 2018, som gir økonomiske konsekvensar for kommunen, må budsjettet for Os kommune justerast deretter.

1. Overordna føringar

Os kommune har lenge vore ein attraktiv kommune. Folketalet aukar framleis raskt, og vi ser ein god vekst og positivitet i næringslivet. Dei solide driftsrekneskapa dei siste åra som er gjort opp med eit overskot på mellom 30 og 50 millionar, syner at det er god styring. Rekneskapsrapportane for 2017 tyder på eit solid driftsoverskot også i 2017. Ein har lukkast i den overordna strategien om å halda att på løpande driftsutgifter for å gje rom for auka investeringar i ny infrastruktur.

Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-21 frå rådmannen byggjer vidare på det solide arbeidet som organisasjonen har stått samla om dei siste åra. Målsettinga om å bringa drifta av kommunen i balanse er nådd, og det utan bruk av forventa avkastning frå finansporteføljen eller eigedomsskatt. Når ein tek omsyn til at Os framleis er mellom dei kommunane i landet som har lågaste frie inntekter pr. innbyggjar, må ein konkludera med at organisasjonen leverer.

Koalisjonen FrP/H/V vil igjen nytta høvet til å rosa administrasjon, tillitsvalde og tilsette for vel gjennomført arbeid med tilpassing av drifta, omorganisering og effektivisering over år. Saman med politisk nivå har ein evna å halda nede driftsutgiftene, samstundes som ein har arbeidd målretta med meir langsiktig utviklingsarbeid i organisasjonen. Vi held fast på at grunnlaget for suksessen skuldast i stor grad det gode trepartssamarbeidet mellom tillitsvalde, administrasjon og politisk nivå i kommunen. Dette samarbeidet ser vi vidare på som avgjerdande for å lukkast i arbeidet med etableringa av Bjørnafjorden kommune 01.01.20. Vi sluttar oss til rådmannen sitt hovudprosjekt innan digitalisering og innovasjon som gir oss nye moglegheiter innan dei ulike tenesteområda i bygging av den nye kommunen.

Budsjettkoalisjonen FrP/H/V held fast på hovudstrategiane frå dei siste kommunebudsjetta, som vert særst viktige dei neste to åra, for å vera rusta for utfordringane som vil koma i nye Bjørnafjorden kommune;

- **Organisasjonen må freiste å hente ut effektivisering og stordriftsfordelar ved at omfanget og/eller kostnader med kommunal tenesteproduksjon ikkje aukar like sterkt som folketalet.**
- **Forventa vekst i frie inntekter må i hovudsak nyttast til å dekkja auka**

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

kapitalkostnader knytt til naudsynte investeringar i ny sosial infrastruktur.

- Potensialet i kommunale eigedommar og Lyseparken Næringsområde må hentast ut, og den økonomiske gevinsten nyttast som eigenkapital til kommande investeringar.
- Kommunen må satsa på basistjenestene innan skule, helse og omsorg, og unngå oppbygging av nye kostbare og spesialiserte tenester.
- Kvalitetsarbeidet i tenesteproduksjonen skal prioriterast dei neste åra.
- Tenesteområda må halda vedtekne budsjetttrammer.

FrP/H/V sluttar seg også til rådmannens framlegg til *Overordna målekort og Målekort* for dei ulike tenesteområda.

I det vidare dokumentet vil FrP/H/V kommentera einsskilte endringsframlegg innan både drifts- og investeringsbudsjettet.

1. Driftsbudsjett

3.1 Driftsrammer

FrP/H/V konstaterer at veksten i frie inntekter er på 4,4%, mot landsgjennomsnittet på 2,6%. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg fullt ut kompensert auka pensjonskostnader og løns- og prisvekst for tenesteområda, samt funne rom for styrking av einskildtenester som følge av auka folketal.

Rådmannen har for første gong i sitt budsjettframlegg framskrive folketallet til 1.1.2018, og har soleis nytta handlingsrommet i høve inntekter som politisk nivå tidlegare har nytta i sine budsjett. FrP/H/V finn det likevel forsvarleg å kunna anta at det ligg eit potensiale for auka skatteinntekter utover dei 4,5 mill. rådmannen har lagt inn, og vel å oppjustera framskriven folkevekst noko.

Vidare er vi kjend med at lønnsoppgjeret for tilsette i SIO-prosjektet (statleg finansiering av omsorgstenestene), ligg utanfor det som er avsett til lønnsoppgjeret elles i Os kommune. Her ligg det dermed eit handlingsrom.

FrP/H/V meiner at summen av ovannemnde vil gje rom for auka inntekter, og det gjev grunnlag for at vi kan nytta noko av overskotet på botnlinja i rådmannen sitt budsjettframlegg. Skulle nokre av desse føresetnadane ikkje slå til er driftsbudsjettet for Os kommune likevel robust med tanke på fondsavsettingar og venta overskot for 2017.

FrP/H/V finn det forsvarleg å auka dei frie inntektene for 2018 med kr 3 990 000.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval:		

Fylkesmannen rår kommunane kvart år til å vurdera rammetilskot og skatteanslaget i Statsbudsjettet opp mot lokale tilhøve knytt til folketalsutvikling og skatteinnangang.

FrP/H/V tek utgangspunkt i rådmannen sitt framlegg til nettorammer for dei ulike tenesteområda for 2018-21, slik dei går fram av tabell på side 19 i budsjettframlegget, men vil gjera slike endringar;

Os kommunestyre ber rådmannen gjera naudsynte justeringar innan ramma i høve budsjettframlegget frå FrP/H/V.

Nokre av tiltaka over er eingongstiltak i 2018. Dei varige driftstiltaka summerer seg til i omlag 2 mill kr pr år i perioden 2019-21, som er ei forsiktig tilnærming sett frå FrP/H/V si side.

FrP/H/V vil i det følgjande gje merknader til endringane, og vi vil også gje føringar for tema og saker organisasjonen må ha særskilt merksemd på i budsjettåret 2018.

3.2 Skatt, rammetilskot, finans m.v.

Frie inntekter – rammetilskot og skatt

Ref. teksten ovanfor, ligg det eit moglegheitsrom for auka skatteinntekter som følgje av folkevekst, samt sparte midlar i lønsoppgeret grunna SIO.

Gjeld, finanskostnader

Vi finn ikkje grunnlag for å endra rådmannen sine vurderingar i høve rentenivå for økonomiplanperioden.

Finansporteføljen

FrP/H/V vidarefører den langsiktige strategien med Finansporteføljen til Os kommune. Midlane etter BKK/Oskraft skal forvaltast i eit generasjonsperspektiv, og i tråd med etablert praksis er det i økonomiplanperioden ikkje budsjettert med forventa avkastning på porteføljen.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

Utbytte kommunale selskap

FrP/H/V følger strategien til rådmannen om eit årleg utbytte frå Os Bygg og Eigedom AS på kr 3 500 000 i økonomiplanperioden.

Eigedomsskatt

Det er ikkje aktuelt for FrP/H/V å innføra eigedomsskatt i Os kommune, og vi viser til intensjonsavtala mellom Os og Fusa kommunar pkt. 4.5 der det står: «*Det er eit mål at det ikkje skal vera eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune*» .

3.3 Fellesutgifter

Næring

FrP/H/V er nøgd med rådmannens satsing på vidare næringsutvikling i Os. Dette følgjer opp partia sin langsiktige strategi for å etablere fleire arbeidsplassar i kommunen. I rådmannen sitt budsjettframlegg er det lagt inn ei styrking av næringsavdelinga i Os kommune. Koalisjonen stør denne satsinga, men ber samstundes om at prioriteringar frå næringsavdelinga si side, i større grad må vera å ta vare på og vidareutvikla eksisterande næringsliv i kommunen.

FrP/H/V vil stø søknaden frå Os Næringsråd om støtte på kr. 200.000 pr. år i to år (2018-19) for å vera med å finansiering ei stilling som skal arbeida målretta med marknadsføring opp mot eksisterande og framtidig næringsliv. Det er ein føresetnad at Os Næringsråd, etter desse to åra, sjølv kan finansiera ei slik stilling med egne midlar.

Prosjekt Liv på Øyro

Satsinga på fornying av Os sentrum, er nær ferdigstilling, og som følgje av dette registrerer vi med glede at det stadig kjem nyetableringar i og rundt sentrumskjerna. Mykje av budsjettsatsingane frå i fjor er følgd opp, men ber om at ein framleis arbeider vidare med å få realisert aktivitetsløype for born og unge på Osøyro, samt arbeider vidare med Os som turistdestinasjon. Eit grep vi vil gjera for å marknadsføra Osøyro som destinasjon for båtturetar, er å etablere web-kamera i Os Hamn, både over og under vatn. FrP/H/V vil setja av inntil kr. 300.000 til ei slik investering (inkl. drift av dette) som skal administrerast gjennom ad-hoc-utval for Os Hamn.

Det er fleire ulike utval som arbeider med sentrumsutvikling på ulike plan, og vi meiner at tida er mogen for å gjera nokre organisatoriske endringar for å koordinera dette arbeidet betre. FrP/H/V vil kommentera dette vidare under kap. 6 verbalforslag i budsjettdokumentet.

Det Historiske TUNET på Lyngheim – rosemålarverkstaden

FrP/H/V er positive til at Stiftinga Lyngheim kan setja opp replika av rosemålarverkstaden

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

etter Annanias Tveit i det Historiske Tunet på Lyngheim. Rosemålar kunsten er ein viktig del av Os si historie, og deler visjonen til stiftinga om å ta vare på rosemålar kunsten som kulturarv. Vi ser at Stiftinga Lyngheim har evna å tiltrekka seg gode samarbeidspartnarar som har bidrege i å få realisert det Historiske Tunet, og FrP/H/V vil vera med å bidra i dette prosjektet med kr. 250.000 i 2018.

Disposisjonsfond for formannskapet

FrP/H/V vidarefører formannskapet sitt disposisjonsfond med 1,8 mill kr pr år i tråd med rådmannens budsjettframlegg.

Totalt vert ramma til Fellesområdet auka med kr. 700.000 i 2018 (målt mot rådmannen si innstilling).

3.4 Oppvekst og kultur

FrP/H/V er godt nøgd med at rådmannen, i sitt budsjettframlegg, har inndecking for auka barnetal, både når det gjeld barnehageområdet og auke i antal klassar i skulen. Vi ber rådmannen følgja tett opp drifta i dei kommunale barnehagane, og sikra at vi framleis driv effektivt, for å unngå sprekk i budsjetterte overføringar til private barnehagar. Auke i satsinga på barnehagelærarar er i tråd med FrP/H/V sin visjon om tidleg innsats, og vi støtt denne prioriteringa mot dei yngste borna. Vidare vil vi støtta rådmannen sine vurderingar kring avvikling av kommunal kontantstøtte, og del området si merksemd i integreringsperspektivet og språkutviklinga for det enkelte born.

Prosjekt Betre læringsresultat (BLR)

Prosjekt Betre Læringsresultat vart i 2013-budsjettet etablert som eit delprosjekt under Kvalitetsplanen for Oppvekst og Kultur. Prosjektet skal strekkja seg over ein 5-7 års periode, og vi opplever no stor entusiasme for prosjektet. Prosjektet er tilført ekstra midlar kvart år i perioden 2014-17, og FrP/H/V vil vidareføra denne satsinga også i 2018. Det har gjennom prosjekt BLR vore gode resultat med meistringsteam for ungdomstrinnet, og vil no utvida meistringsteam-funkjonen også for barnetrinnet, som skal ha hovudfokus på psykososialt læringsmiljø. FrP/H/V tilfører kr. 700.000 til dette tiltaket. Koalisjonen ser fram til at prosjekt BLR vert gjenstand for ei større evaluering i 2018, der ein og tek stilling til kva tiltak som eventuelt skal fasast inn som permanente tiltak i den ordinære drifta av skular og

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

barnehagar.

Kreativ undervisning på ungdomstrinnet

FrP/H/V ynskjer å leggja til rette for prosjektbasert undervisning ved ungdomstrinnet for å fremja kreativ læring hjå elevane. For å oppnå dette, vil det vera behov for anna utstyr enn det ungdomsskulane innehar i dag, som t.d. droner, 3D-printer eller anna teknologiske nyvinningar. FrP/H/V løyver kr.100.000 til utstyr som lærarar og elevar kan nytta i undervisninga. Ved å arbeida i grupper, kan elevane læra å innhenta informasjon frå internett og fagmiljø etc. om korleis utstyret kan nyttast, og samstundes knytta dette opp mot andre fag som t.d. matematikk, engelsk og historie, og ikkje minst under valfaget koding. Erfaring frå andre viser at denne type kreativ undervisning, oppnår auka grad av læring, samt utviklar viktig kompetanse som trengs i framtida.

Klassetur 10. trinn

FrP/H/V vil imøtekoma elevråda ved Os ungdomsskule og Nore Neset ungdomsskule om å støtta klassetur i 10. trinn. Koalisjonen del elevråda sine tankar om at tilbodet om tur skal vera likt ved begge skulane, og vi ber administrasjonen om å samkøyra planlegginga. Klasseturane skal stå i samsvar med kompetansemåla i opplæringslova og ein skal vektleggja læring i både forarbeid, gjennomføring og etterarbeid. FrP/H/V løyver kr. 600.000 til dette formålet.

Lærlingtilskot - Oselvarverstaden

FrP/H/V er opptekne av det vert utdanna båtbyggjarar ved Oselvarverkstaden, for å sikra at båtbyggjarhandtverket vert vidareført. UNESCO- statusen forpliktar oss å satsa vidare på handtverkstradisjonen, og FrP/H/V løyver årleg tilskot til lærling på kr. 40.000. Resten av tilskotet vert finansiert av Hordaland fylkeskommune.

Gratis halleige og lokale for aktivitet for born og unge

FrP/H/V vil stimulera til meir fysisk aktivitet blant born og unge, samstundes som vi ynskjer å styrka økonomien i lag og organisasjonar i kommunen. Andre lag og organisasjonar som driv anna aktivitet skal likebehandlast, og ha like vilkår som idretten. FrP/H/V vil gjera dette gjennom ei ordning der laga framleis betaler leige av hall og lokale som før, men søker refusjon for leiga (for born og unge oppad 18 år) frå Kultureininga i kommunen. FrP/H/V løyver Kultureininga kr. 500.000 årleg øyremerka denne ordninga. Rådmannen må utarbeida retningslinjer for tildelingane, og leggja dette fram for politisk behandling.

Prosjekt – Raudlio og Stokkedalen

I 2014 kjøpte Os kommune, av Statskog, det nesten 11.000 daa store friluft- og rekreasjonsområdet Raudlio og Stokkedalen. FrP/H/V er opptekne av dette området skal forvalta på ein best mogleg måte, og ynskjer å setja ned eit prosjekt som skal sjå korleis vi best kan oppnå dette. Prosjektet må gå gjennom eksisterande avtaler som fins for området, og eventuelt reforhandla desse. Ein må gå i dialog med nærliggande grunneigarar og vurdere om ein kan samarbeida om delar av området. Det må utarbeidast ein plan for forvaltning av

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

skog, samt at potensialet for vidareutvikling av friluft- og rekreasjonsområdet må vurderast – gjerne gjennom eit mogleghetsstudie. FrP/H/V set av kr. 500.000 til eit slikt prosjekt som skal koordinerast av Kultureininga. Vi ber om at det vert sett ned ei prosjektgruppe snarast, og det er naturleg at landbrukskontoret, planavdelinga og teknisk drift vert ein del av denne, i tillegg til andre interessentar av området. Prosjektet skal rapportera til Formannskapet jamnleg.

Kulturelt Utviklings Program (KUP Os)

I rådmannens budsjettframlegg, er KUP-ordninga vidareført med 1 mill kr innanfor ramma til Oppvekst og Kultur. FrP/H/V vidarefører dette, og legg til grunn at eventuell støtte til Osfest også i 2018 vert finansiert frå formannskapet's disposisjonsfond.

Totalt aukar dermed nettoramman til område Oppvekst og Kultur med kr. 2.440.000 i 2018 (målt mot rådmannen si innstilling).

3.5 Helse og omsorg

Statleg finansiering av omsorgstenestene (SIO) pregar tenesteområdet, og vi merkar oss gjennom rapporteringar at ordninga slår betre ut for Os kommune enn kanskje venta før vi gjekk inn i forsøksordninga. Vi ser fram til vidare rapportering frå SIO, og ber administrasjonen om å framleis ha særleg merksemd på perioden *etter at* ordninga vert avslutta. Dette for å sikra at vi ikkje bygg opp tenester vi ikkje har økonomi til å drifta etter SIO.

«Livsgledeheim» - sertifisering

FrP/H/V er særst nøgde med at Nye Luranetunet er ferdigstilt og at innflyttinga har gått over all forventning. Det vert lagt ned mykje godt arbeid i å skapa ein god kvardag for bebuarane, og vi har gjennom tidlegare budsjett prioritert Os frivilligsentral som ein aktør som skal skapa innhald i kvardagen. Dette ynskjer vi å setja ytterlegare fokus på, ved å få sertifisert Luranetunet som «Livsgledeheim». Ein må då oppfylle 9 livsgledekriterier, der mellom anna aktiviteter utomhus er eit fokusområde (sjå vidare pkt 3.6, 3. avsnitt). For at alle desse kriteria skal kunna stettast, ønskjer FrP/H/V å setja av kr. 100.000 til dette arbeidet. Ein ser føre seg ei sertifisering innan 2019. Os kommunestyre ber rådmannen henvenda seg til «Livsglede for eldre» med formål å inngå eit forpliktande samarbeid. Rådmannen skal engasjera ein konsulent som får opplæring og rettleiing av godkjende sertifisørar. Denne konsulenten er prosessrettleiar og inspirator fram mot sertifiseringa. Personen skal hentast frå eigen organisasjon, og kjøpast fri i 10% stilling.

Utstyr – open omsorg

FrP/H/V er kjende med at open omsorg/heimesjukepleia har behov for eit løft når det gjeld

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval:		

utstyr. Vi vil gje området kr. 300.000 skal gå til innkjøp av naudsynt utstyr, som akuttloffertar, BT-målar, CRP-målar og blærescanner som kan førebyggja akuttinnleggingar.

Nettoramma til område Helse og omsorg aukar med kr 400.000 i 2018 (i høve rådmannen si innstilling).

3.6 Samfunnsutvikling og Prosjektavdeling

FrP/H/V stør rådmannen sine vurderingar rundt hans prioriteringar under området Samfunnsutvikling i 2018. Vi registrerer at rådmannen føreslår å auka ramma til Teknisk drift i 2019, med 3,5 mill. kr som følgje av fleire nye bygg, og FrP/H/V vel difor å ikkje gjera endringar for området i 2018.

FrP/H/V er nøgd med at ein er i gong med å avhenda eigedomar Os kommune ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon; som barnehagetomta og Greidalen. Koalisjonen ber rådmannen om å snarleg førebu sal av Fjellheim, samt vurderer om Os Bygg og Eigedom AS kan vera ein aktuell samarbeidspart i høve tilrettelegging og endeleg sal av eigedomane Askviknes og Mobergslia.

Uteområde – Kuhnle og Lurane

FrP/H/V er særst nøgde med dei nye institusjonsbygga Luranetunet og Kuhnletunet. Det står derimot att noko arbeid på uteområda ved begge desse institusjonane, for å gjera dei funksjonelle og innbydande til aktivitet utomhus. Ved å etablere sansehagar/parselhagar ved institusjonane, vil bebuarar og brukarar få meir kvalitet i kvardagen, med fysisk aktivitet gjennom stell i hagen. Det kan plantast grønsaker og bær, og det kan om mogleg leggjast til rette for t.d. hønsehus dersom det er ynskje om det frå dei tilsette, då vi veit at omgang med dyr har god verknad på menneske si helse. FrP/H/V prioriterer i dette budsjettet kr. 200.000 til kvar av institusjonane, og ber prosjektavdelinga planleggja uteområda saman med einingane. Eining for tekniske tenester kan utføra arbeidet i eigen regi.

Prosjektavdelinga får ei tilleggsøyving på kr. 400.000 i 2018 (i høve rådmannen sitt budsjettframlegg)

4. Avgiftsbudsjettet

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentraltbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

FrP/H/V sluttar seg til rådmannens sitt framlegg til avgiftsbudsjett 2018, men har følgjande kommentar til byggjesaksgebyr:

FrP/H/V er uroa for føreslegen auke i byggjesaksgebyr på 20 % for 2018, men har forståing for at sjølvkostfondet må aukast noko opp att. Dersom vi etter 1. halvår i 2018 framleis ser tendens i reduksjon i antal byggjesaker, ber ein om at rådmannen set i gang naudsynte organisatoriske justeringar innan byggjesaksområdet, slik at ikkje heile kostnadsauken blir belasta søkjarar i byggjesaker.

5. Investeringsbudsjettet

FrP/H/V er nøgd med at rådmannen har synleggjort eit investeringsprogram for perioden fram til 2025. Dette gjev perspektiv på framtidige investeringsbehov, og nyttig informasjon i høve framtidige utfordringar i drifta. I den vidare prosessen med Fusa kommune fram mot kommunesamanslåing i 2020 er det viktig å få ein totaloversikt over investeringsbehova i dei to kommunane. Dette må følgjast tett opp av Fellesnemnda.

FrP/H/V sluttar seg elles til prioriteringane i investeringsbudsjettet slik det kjem fram i rådmannen sitt budsjettframlegg (Merk tilleggsøyving i pkt. 3.6)

6. Verbalforslag

1. Vidareutvikling av Os sentrum – reorganisering

Vi har sett ned fleire grupper som arbeider med utvikling av Os sentrum; herunder Liv på Øyro, parkeringsutval og ad-hoc-utval for Os Hamn. I tillegg har ein gjennomført mogelegheitsstudie på Steinneset, og ein har vore gjennom ein European-konkurranse. Mykje godt arbeid er lagt ned, men ein kan få inntrykk av at koordineringa av arbeidet i dei ulike gruppene/utvala, ikkje er god nok per i dag, og vi meiner at det er behov for ei reorganisering for å få ei heilheitleg planlegging av Os sentrum. Ein bør etter kvart vurdere moglegheit for utvikling av «Esso-tomta» og «hotelltomta», og kva funksjonar som kan plasserast her, herunder offentleg bruk, næring, kultur, turisme osb. Difor meiner vi at tida er rett for reorganisering, ved å oppnemna eit utval som ser utviklinga i sentrum under eitt. Utvalet kan med fordel bestå av personar som allereie sit i dei utvala som omhandlar dei ulike fokusområda frå før av.

Framlegg til vedtak:

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

Os kommunestyre ber rådmannen snarleg fremja sak om oppretting av eit utval som skal sjå heilskapleg på vidare utvikling av Os sentrum. Os formannskap får fullmakt til å vedta endeleg mandat og samansetting av utvalet.

6.2 Næringsutvikling

Det er gjort mykje godt arbeid på nærings sida allereie. Like fullt er det viktig at ein fortsetter det viktige arbeidet med å tiltrekka oss eit offensivt og innovativt næringsliv - med eit klart mål om å skapa fleire arbeidsplassar. Det er også viktig å ta vare på og utvikla det næringslivet ein allereie har, og difor er samarbeidet mellom lokalt næringsliv og kommunen viktig.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen foreta ei kartlegging/brukarundersøking av eksisterande og etablert næringsliv i kommunen. Undersøkinga må visa kva for bransjar som er dominerande og viktige for Os i dag, med tanke på verdiskaping, sysselsetjing og liknande. Formålet er å danna eit grunnlag for strategi/plan for korleis kommunen gjennom sitt næringsarbeid kan bidra til fortsatt auke i vekst og sysselsetjing. Viktig her er kartlegging om korleis næringslivet ser på kommunen som samarbeidspartner og kva ein forventar av Os kommune.

6.3 Prosjektstyring

Det har vore fleire tilfelle der ein ser at rapportering og avdekking av avvik på prosjekt i kommunen burde vore framlagt oftare og tidlegare til politisk nivå. Dersom avvik vert rapportert på eit tidleg tidspunkt, kan eventuelle korrigerande tiltak setjast i verk tidnok.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen innføra eit rapporteringssystem som hevar prosjektstyring og oppfølging av utbyggingsprosjekta i kommunen. Systemet må sikra rapportering til politisk nivå jamnleg og meir ajourført enn dagens system.

6.4 Rett yting i NAV-systemet

Det har vore ei stor auke i utbetalingar i Nav sosial. Faktagrunnlaget opplyser at brukarar går på sosialstønad over lang tid, og at fleire har sosialstønad som einaste inntekt. Det kan soleis stillast spørsmål ved om desse mottek rett yting frå det offentlege. Os kommune hadde tidlegare eit prosjekt kalla *Rett Yting*. Prosjektet hadde som formål å avdekka om kommunal sosialstønad var rett for brukaren sett opp mot statlege ytingar. Det vil vera viktig for både brukar og kommunen at dette vert avklart så tidleg som mogeleg.

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 50 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval:

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.oskommune.no

INFO

Bankgiro: 6525.05.05676
Org.nr.: 844 458 312

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen re-etablere prosjektet «Rett Yting» med mål om å få brukarar av sosialstønad inn på rett yting. Dette for at kommunale stønader ikkje vert innvilga i dei høve der det er meir riktig at ein skulle hatt statleg stønad.

6.5 Samarbeid NAV og lokalt næringsliv

Os kommune har dei siste åra hatt aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp. FrP/H/V ser det som avgjerande at NAV Sosial opprettheld eit sterkt fokus på aktivitetsplikt for alle mottakarar av sosialhjelp, uavhengig av alder. Med styrkinga av næringsavdelinga i kommunen ynskjer FrP/H/V eit tettare samarbeid mellom NAV Sosial, næringsavdelinga og det lokale næringslivet. Dette er avgjerande for at vi skal få stabilisert og på sikt redusert utbetalingar av sosialhjelp i Os kommune. FrP/H/V ynskjer også at Os kommune ser på tilgjengelege prosjektmidlar innan NAV, stat og fylke, for å kunna styrka arbeidet med å få mottakarane over på arbeidsretta aktivitetar.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyret ber rådmannen om å i verksetja eit meir formalisert samarbeid mellom Nav, kommune og lokalt næringsliv, der hovudfokus skal vera arbeid, aktivitet og mål om at ein skal klara seg sjølv og ikkje gå på sosialstønad over lang tid.

6.6 Framtidig drift Luranetunet

Det er var med stor entusiasme og glede vi fekk ta del i opninga av nye Luranetunet i slutten av november. Vi vil nytta høvet med å gratulera med vel gjennomført byggeprosjekt og prosess med flytting av pasientane inn i nye fasilitetar.

FrP/H/V registrerer at det ved innflytting står ei avdeling tom. Dette er i tråd med plan om gradvis innfasing av plassane på Luranetunet. Prognosane for Os kommune viser likevel at det fort kan verta behov for å ta i bruk også den siste avdelinga ved Luranetunet. I samband med dette ynskjer FrP/H/V at rådmannen til ei kvar tid vurderer å tilby leige av plassar for å sikra effektiv drift. Spesielt bør ein merka seg behovet som vart varla i forbindelse med budsjettprosessen i Fusa kommune.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyret ber rådmannen til ei kvar ti vurderer utleige av plassar ved nye Luranetunet når behov for å opna den siste avdelinga er naudsynt.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312

6.7 Os idrettspark – alt under ein paraply

Ny dobbel idretthall på Kuventræ tek form, og eit komplett sentralidrettsanlegg skal stå ferdig sommaren 2018. Den nye doble idrettshallen er siste fase i prosjektet, og det er i den forbindelse viktig å etablera ein heilskapleg drift og vedlikehald av sentralidrettsanlegget. FrP/H/V er positive til at Osbadet KF får oppdraget med drift og vedlikehald av anlegget. Når det nye anlegget er ferdig, ser vi det som naturleg at Osbadet KF endrar namn til Os idrettspark KF som presentert på budsjettsamlinga i haust. FrP/H/V er positive til at Osbadet kan ta investeringane ved innreiing av dei uinnreidde lokala i den nye hallen, og driva kommersiell utleige på deler av arealet. Det er samstundes viktig for oss at kommunen får disponera delar av arealet til eige behov, og at idretten kan disponera lokaler til sine aktivitetar på ideell grunnlag. Kommunen sitt eige behov for areal, og detaljane rundt dette må avklårast gjennom ny avtale mellom Os kommune og Osbadet KF.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å inngå ny avtale med Osbadet KF. Osbadet KF får vidare fullmakt til å innreia og inngå utleigeavtalar for tilstøytane areal i 2.etasje av den nye idrettshallen. Kommunen og idretten sine behov for areal må synleggjerast i avtala, og dette må ivaretakst gjennom avtala mellom partane.

Med helsing

Elisabeth Vinje Nydal
Konsulent/Møtesekretær

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval:	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 6525.05.05676 Org.nr.: 844 458 312